

600 tusen til opprusting av garderobeanlegg på Heio.

10.04.2019



Hilde Tungesvik Myklebust og Helene Huse Bjørnebøle tok mot fantastiske 600 tusen til idrettslaget.

Uskedal idrettslag fekk den neststørste einskildgåva under Sparebankstiftinga sitt vårgåvedryss i Kulturhuset Husnes onsdag kveld. Dei mottok nydelege 600.000 kroner til opprustning av garderobeanlegget på Heio. Fleire andre Uskedalslag fekk også flotte gåver, og felles for mange av gåvene er at dei vil vere til glede for innbyggjarar i heile kommunen.



Fornøgde mottakarar frå musikklaget og Røysterett, f.v., Knut Steinsletten, Lars Myklebust, Svein Rimestad, Lars Henrik Skogtun og Bjørgulv Eik.

Det var tilsaman 14 søknader med adresse Uskedalen, og 4 av desse mottok gåver. No er det slik at fleire andre lag med sterk tilknytning til Uskedalen mottok gåver. Uskedal musikklag nådde opp med to søknader. Til nytt lysutstyr på julegrana vart dei tildelt 70.000 kr og til innkjøp av utstyr til lydopptak og avspeling fekk dei 15.000 kr. Blandakoret 'Røysterett for alle' fekk 35.000 kr til lyd- og lysutstyr. Festidalen fekk to tildelingar, - Andrea Albrethson tok mot 50.000 til Lambasleppet som i år vert arrangert under Omstock-festivalen på Husnes og Una Kolle tok mot 150.000 kr til vidare utvikling av utstyrspoolen som kjem alle arrangørar i Kvinnherad til gode. Også fleire av dei andre gåvene kjem mange kvinnheringar til gode. Røysterett har jo medlemmer frå heile kommunen og julegrana er i høgste grad til glede for alle kvinnheringar.

Og det stoppa ikkje med det. Kvinnherad turlag vart tildelt 50.000 kr til ungdomssatsinga si, vi veit at mange Uskedalsungdommar er aktive i turlaget sine aktivitetar og vil ha stor glede av desse. Ænes og Mauranger bygdalag fekk tildelt 20.000 kr til årets Folgefonna Opp, og dei fortalde i takkehelsinga si at årets utgåve av det populære motbakkelopet som vert arrangert for 8. gong i august, vert eitt av 5 løp i årets Norges Cup. Dermed kjem heile Norgeseliten til Mauranger, og dei fortalde at dei derfor hadde fått hjelp av Uskedal idrettslag til arrangementet.



[Una Kalle takka frå Festidalen.](#)

I mange av takkehelsingane vart den store verdien som gåvene frå Sparebankstiftinga har, understreka. Det er opplagt rett. Denne gongen vart det tildelt gåver for om lag 7,5 millionar kroner til 65 lag, 50 frå Kvinnherad, 10 frå Stord og 5 frå Odda. Til no har stiftinga delt ut 72 millionar til gode tiltak. Innimellom gåveutdelingane kunne gjestene kosa seg med rundstykke, rikeleg med gode kaker, kaffi og brus.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland